

Til det thailandske museet på Nordkapp kjem turistar frå mange land.
Kvinna bak museet er Synnøve Taftø:

Ei thailandsk prinsesse stod for opninga av museet

– Da eg kom til Bangkok, oppdagde eg at den thailandske kongen Sjula Lankoln hadde vore i Noreg i 1907, fortel Synnøve Taftø. Ho arbeidde ved den norske ambassaden i Bangkok frå 1986 til -89, og såg det som ei viktig oppgåve å marknadsføre Noreg i utlandet.

– Kongen hadde teke fleire bilete herifrå, og han hadde ført dagbok frå turen. Eg tok kontakt med musea som hadde bileta, og det thailandske fjernsynet vart så interessert i arbeidet vårt at dei sende eit reportasjeteam til Noreg. I tre veker gjorde dei opptak, som seinare vart sende i det thailandske fjernsynet. Kongefamilien vart interessert i prosjektet, og den thailandske prinsessa opna museet i 1989, fortel Synnøve.

– Det var mykje arbeid å få det til, men gildt var det når det lukkast. Museet er bygd kring ein stein som kong Sjula Lankoln

skreiv namnet sitt på i 1907.

Siste året eg arbeidde i Bangkok var eg sjef for den norske ambassaden, og vart saman med sjefane for dei andre ambassadane bedne til kongen på fødselsdagen hans. Både kongen og dronninga stogga for å prate, for dei ville høyra nytt frå Noreg og frå museet på Nordkapp. Ambassadørane frå dei andre landa undrast nok på kva vi snakka om, smiler Synnøve, som fortel at den thailandske prinsessa skreiv bok om turen til Noreg. Det vart noregsreklame utan sidestykke, seier nordlandsjenta, som har fått ein thailandsk orden for arbeidet sitt. For eit par år sidan flytte ho heim att til Mo i Rana.

– Det var triveleg å arbeida ved ambassadane kringom i verda, men det var òg triveleg å koma heim att, seier Synnøve Taftø.

Tekst og foto: Erling M. Taftø

